



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Samfunnsutvalet
Møtestad	Formannskapssalen
Dato	03.06.2026
Tid	Kl. 09:00 - 12:30

Følgjande medleamar møtte	Frå
Alf Erik Røyrvik	V
Kristin Sælen	AP
Marit Elisabeth Larssen	SP
Olav Klungre	KRF
Tord Hafnor	MDG

Forfall/møtte ikkje	Frå	Følgjande varamedlem møtte	Frå
Anders Felde	SP		
Runar Stensaker Kleppe	H		

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Alf Erik Røyrvik	031/26	,	§ 6 e)

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
028/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
029/26	Referat og orienteringssaker
030/26	Søknad frå Gloppen Musikkforum
031/26	Tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar 2026
032/26	Tre søknader om særskilte kulturtiltak
033/26	Høyring: Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift for hjort
034/26	Godkjenning av bestandsplan for bestandsplanområde Gloppen, Stryn og Indre Jølster 2026-2028
035/26	Vertskommunesamarbeid i Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde for hjort
036/26	Klage på administrativt byggeløyve - to utleigehytter, toalettbygg og badstu
037/26	Detaljregulering for Evebø - planforslag til 1. gongs handsaming
038/26	Kommunedelplan for naturmangfald - prosjektplan og mandat
039/26	Dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen - utviding av bustadtomt
040/26	Utviding av terrasse - dispensasjon frå byggegrense mot sjø
041/26	Årsmelding og rekneskap for 2025

028/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Samfunnsutvalet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Samfunnsutvalet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

Sak om status næringsarbeid i Gloppen har ikkje vore korrekt meldt opp til møtet. Kommunedirektøren ber om at det likevel blir orientert om saka i møtet.

SAMF- 028/26 Vedtak

1. Samfunnsutvalet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Samfunnsutvalet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet

029/26: Referat og orienteringssaker

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

, framlegg frå ,

Samfunnsutvalet står ved tidlegare vilkår om at "Fjernverknad og landskapsverknad skal dokumenterast gjennom illustrasjonar frå relevante standpunkt, med særleg vekt på korleis området framstår dersom berre F/K vert bygd i første fase". Samfunnsutvalet understreker at for at vilkåret skal være oppfylt må det inkludast illustrasjon med perspektiv frå augehøgde ved trappa på Heradshuset. Det er eit vilkår at illustrasjonen vert oversendt for at saka skal kunne behandlast som parallell plan- og byggesak.

Utvalet tok opp igjen behandling av ordet fritt på slutten av møtet for å behandle tilbakemelding til fjordfronten Sandane sentrum.

SAMF- 029/26 Vedtak

Samfunnsutvalet tek referat og orienteringssakane til vitande
Samrøystes vedteke

Samfunnsutvalet står ved tidlegare vilkår om at "Fjernverknad og landskapsverknad skal dokumenterast gjennom illustrasjonar frå relevante standpunkt, med særleg vekt på korleis området framstår dersom berre F/K vert bygd i første fase". Samfunnsutvalet understrekar at for at vilkåret skal være oppfylt må det inkluderas illustrasjon med perspektiv frå augehøgde ved trappa på Heradshuset. Det er eit vilkår at illustrasjonen vert oversendt for at saka skal kunne behandlast som parallell plan- og byggesak.

Samrøystes vedteke

030/26: Søknad frå Gloppen Musikkforum

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet vil ikkje betale ut festivaltilskot på kr 25 000 til Gloppen Musikkforum grunna at festivalen i 2026 er avlyst.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

Saksbehandler deltok under behandling av saka

SAMF- 030/26 Vedtak

Samfunnsutvalet vil ikkje betale ut festivaltilskot på kr 25 000 til Gloppen Musikkforum grunna at festivalen i 2026 er avlyst

Samrøystes vedteke

031/26: Tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet vedtek følgjande fordeling av kulturmidlar på kr 450 000 som er sett av til lag og organisasjonar i 2026:

1. Ungdomsrådet får **kr 70 000** som dei fordeler til barne- og ungdomsorganisasjonar som har søkt.
2. Idrettsrådet får **kr 141 000** som dei fordeler til idrettslag som har søkt.
3. Samfunnsutvalet fordeler resten av midlane på følgjande lag og organisasjonar:

Song og musikklag	Tildeling 2026
Sandane barnegospel	4 000
Breim og Sandane skulekorps	20 000
Hyen spelemannslag	4 000
Austrheim musikklag	4 000

Breim Spelemannslag	3 000
Gloppen Hardingfelelag	4 000
Vereide kyrkjekor	3 000
Hyen Blandakor	4 000
Glopperaddane	3 000
Sum	49 000

Grendahus	Tildeling 2026
Sandal krins	0
Årdal krins/grendahus	0
Eimhjellen grendahus	5 000
Hole Grendahus	10 000
Bygdehuset Haugtun	0
Kandal grendahus	15 000
Myklebust grendahus	10 000
Normisjonen Møtepunkt B	10 000
Grendahuset Runnevang	10 000
Sum	60 000

Andre kulturaktivitetar	Tildeling 2026
Gloppen Jeger og Fiskarlag	5 000
Midtre Nordfjord Fjordhestlag	5 000
NFU Gloppen	5 000
Nordfjordbåtlaget Kystlag	5 000
Gloppen seniordans	4 000
Breim seniordans	3 000
Gloppen bygdekvinnelag	4 000
Nesjane bygdekvinnelag	3 000
Ytre Kandalstøyla ysteri	3 000
Gloppen køyre- og rideklubb	5 000
Hørselsforbundet Gloppen	3 000
Maiken B Syverudaasen	0
Sum	45 000

Naturforvaltning	Tildeling 2026
Utvikjellet Løypelag	30 000
Fjellhug/Vereide IL	25 000
Hyen idrettslag	15 000
Eggenipa 4H	0
Åsen Vel	15 000
Eimhjellen grendalag	0
Sum	85 000

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet - 01.06.2026

Eldrerådet støttar kommunedirektøren si tilråding.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Alf Erik Røyrvik		§ 6 e)

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 018/26 Vedtak

Rådet tar saka til orientering.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

Saksbehandler deltok under behandling av saka

Alf Erik Røyrvik sitter i styret i Gloppen idrettsråd og Hyen idrettslag, og bad om å få sin habilitet vurdert. Alf Erik Røyrvik vart samrøystes vedteke innhabil jamf. forvaltningslova § 6 e).

SAMF- 031/26 Vedtak

Samfunnsutvalet vedtek følgjande fordeling av kulturmidlar på kr 450 000 som er sett av til lag og organisasjonar i 2026:

1. Ungdomsrådet får **kr 70 000** som dei fordeler til barne- og ungdomsorganisasjonar som har søkt.
2. Idrettsrådet får **kr 141 000** som dei fordeler til idrettslag som har søkt.
3. Samfunnsutvalet fordeler resten av midlane på følgjande lag og organisasjonar:

Song og musikklag	Tildeling 2026
Sandane barnegospel	4 000
Breim og Sandane skulekorps	20 000
Hyen spelemannslag	4 000
Austrheim musikklag	4 000
Breim Spelemannslag	3 000
Gloppen Hardingfelelag	4 000
Vereide kyrkjekor	3 000
Hyen Blandakor	4 000
Glopperaddane	3 000
Sum	49 000

Grendahus	Tildeling 2026
Sandal krins	0
Årdal krins/grendahus	0
Eimhjellen grendahus	5 000
Hole Grendahus	10 000
Bygdehuset Haugtun	0
Kandal grendahus	15 000
Myklebust grendahus	10 000
Normisjonen Møtepunkt B	10 000
Grendahuset Runnevang	10 000
Sum	60 000

Andre kulturaktivitetar	Tildeling 2026
Gloppen Jeger og Fiskarlag	5 000
Midtre Nordfjord Fjordhestlag	5 000
NFU Gloppen	5 000
Nordfjordbåtlaget Kystlag	5 000
Gloppen seniordans	4 000
Breim seniordans	3 000
Gloppen bygdekvinnelag	4 000

Nesjane bygdekvinnelag	3 000
Ytre Kandalstøyla ysteri	3 000
Gloppen køyre- og rideklubb	5 000
Hørselsforbundet Gloppen	3 000
Maiken B Syverudaasen	0
Sum	45 000

Naturforvaltning	Tildeling 2026
Utvikfjellet Løypelag	30 000
Fjellhug/Vereide IL	25 000
Hyen idrettslag	15 000
Eggenipa 4H	0
Åsen Vel	15 000
Eimhjellen grendalag	0
Sum	85 000
Sarøystes vedteke	

032/26: Tre søknader om særskilte kulturtiltak

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet vedtek å gje tilskot til følgjande kulturtiltak:

- Breimskoret jubileumsbok – kr 10 000
- Snøklukka 4H fylkesleir – kr 10 000
- Norsk Storbiltreff – kr 10 000

Midlane vert utbetalt når arrangøren kan dokumentere at tiltaket vert gjennomført som planlagt.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

Saksbehandlar deltok under behandling av saka

SAMF- 032/26 Vedtak

Samfunnsutvalet vedtek å gje tilskot til følgjande kulturtiltak:

- Breimskoret jubileumsbok – kr 10 000
- Snøklukka 4H fylkesleir – kr 10 000
- Norsk Storbiltreff – kr 10 000

Midlane vert utbetalt når arrangøren kan dokumentere at tiltaket vert gjennomført som planlagt.

Samrøystes vedteke

033/26: Høyring: Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift for hjort

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet vedtek å legge framlegg om endring av forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift for hjort, Gloppen kommune, Vestland ut på høyring med 31. juli 2026 som høyringsfrist.

Det er berre § 3 om fellingsavgift for hjort som er på høyring.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

, framlegg frå ,

Satsane for fellingsavgift på hjort i Gloppen skal være inntil Statens maks sats og vert vedteke årleg i Gloppen kommune sitt gebyrregulativ.

For 2026 gjeld:

- Vaksen hjort (1,5 år og eldre): 4/5 av Statens maks sats.
- Kalv: 1/2 av Statens maks sats.

Saksbehandler deltok under behandling av saka

Det vart påpeika i møtet at satsane for fellingsavgift på hjort i Gloppen er feil i saksgrunnlaget for kalv. Fellingsavgiften har vore 1/4 av Statens maks sats.

SAMF- 033/26 Vedtak

Samfunnsutvalet vedtek å legge framlegg om endring av forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift for hjort, Gloppen kommune, Vestland ut på høyring med 31. juli 2026 som høyringsfrist.

Det er berre § 3 om fellingsavgift for hjort som er på høyring.

Med følgande endring:

Satsane for fellingsavgift på hjort i Gloppen skal være inntil Statens maks sats og vert vedteke årleg i Gloppen kommune sitt gebyrregulativ.

For 2026 gjeld:

- Vaksen hjort (1,5 år og eldre): 4/5 av Statens maks sats.
- Kalv: 1/2 av Statens maks sats.

Samrøystes vedteke

034/26: Godkjenning av bestandsplan for bestandsplanområde Gloppen, Stryn og Indre Jølster 2026-2028

Kommunedirektøren si tilråding

Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16 godkjenner Samfunnsutvalet bestandsplanen for Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde.

Samfunnsutvalet tildeler valda i Gloppen kommune frie dyr for perioden 2026-2028, fordelt som følger:

Vald nr.	Vald	Tal frie dyr er år	Tal frie dyr for perioden
4650V0037	Hestenes hjortevald	11	33

4650V0039	Hesten es Hye stranda	2	6
4650V0036	Eiken es	8	24

Fellingsresultatet for kvart vald skal i perioden vere følgjande:

- Minimum 25 % kalv
- Minimum 20 % småkolle* (størst mogeleg del 1,5 år)
- Minimum 17,5 % spissbukk (bukk med ugreina gevir)
- Maksimum 20 % vaksne koller
- Maksimum 17,5 % vaksne bukkar (min. halvparten småbukk**)
- Kalv kan alltid fellast for andre dyr
- Valda skal fokusere på å ta ut små/unge dyr i alle kategoriar. Valda skal søke å minimum felle 70 % kalv og ungdyr (1,5 år).
- *Småkolle: Normalt 1,5 – 2,5 år. Under 50 kg.
- **Småbukk: Normalt 2,5-3,5 åringar med korte, tynne gevirstenger med 4-8 taggar.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

Saksbehandler deltok under behandling av saka

SAMF- 034/26 Vedtak

Kommunedirektøren si tilråding

Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16 godkjenner Samfunnsutvalet bestandsplanen for Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde.

Samfunnsutvalet tildeler valda i Gloppen kommune frie dyr for perioden 2026-2028, fordelt som følger:

Vald nr.	Vald	Tal frie dyr er år	Tal frie dyr for perioden
4650V0037	Hesten es hjortevald	11	33
4650V0039	Hesten es Hye stranda	2	6
4650V0036	Eiken es	8	24

Fellingsresultatet for kvart vald skal i perioden vere følgjande:

- Minimum 25 % kalv
- Minimum 20 % småkolle* (størst mogeleg del 1,5 år)
- Minimum 17,5 % spissbukk (bukk med ugreina gevir)
- Maksimum 20 % vaksne koller
- Maksimum 17,5 % vaksne bukkar (min. halvparten småbukk**)
- Kalv kan alltid fellast for andre dyr
- Valda skal fokusere på å ta ut små/unge dyr i alle kategoriar. Valda skal søke å minimum felle 70 % kalv og ungdyr (1,5 år).
- *Småkolle: Normalt 1,5 – 2,5 år. Under 50 kg.
- **Småbukk: Normalt 2,5-3,5 åringar med korte, tynne gevirstenger med 4-8 taggar.

035/26: Vertskommunesamarbeid i Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde for hjort

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen kommune inngår, med heimel i kommunelova kapittel 20, vertskommunesamarbeid med Sunnfjord kommune i samsvar med vedlagt framlegg til **“Avtale om vertskommunesamarbeid om Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde”** datert 08.05.2026.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:**Behandling**

Saksbehandler deltok under behandling av saka

SAMF- 035/26 Vedtak

Gloppen kommune inngår, med heimel i kommunelova kapittel 20, vertskommunesamarbeid med Sunnfjord kommune i samsvar med vedlagt framlegg til **“Avtale om vertskommunesamarbeid om Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde”** datert 08.05.2026.

Samrøystes vedteke

036/26: Klage på administrativt byggeløyve - to utleiehytter, toalettbygg og badstu**Kommunedirektøren si tilråding**

Samfunnsutvalet i Gloppen avslår klage frå Andreas Rygg, og stadfestar administrativt byggeløyve datert 27. mars 2026 til to utleiehytter, toalettbygg og badstu på gbnr. 121/2. Klaga blir sendt vidare til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:**Behandling****SAMF- 036/26 Vedtak**

Klagen vart trekt i forkant av møtet

037/26: Detaljregulering for Evebø - planforslag til 1. gongs handsaming**Kommunedirektøren si tilråding**

Samfunnsutvalet legg forslag til detaljregulering for Evebø ut til høyring og offentleg ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11. Før utlegging skal følgjande vere innarbeidd:

- 30 % av bueiningane innanfor planområdet skal vere tilgjengelege bustadar. Grunngevinga er å sikre ei utbygging budd på den demografiske utviklinga i kommunen.

Samfunnsutvalet varslar samstundes at gjeldande reguleringsplan for del av gnr. bnr. 77/15 og 77/302 i Åsen (vedteken 28.01.1987) vil bli oppheva ved vedtak ny detaljreguleringsplan.

Administrasjonen får høve til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta før dei vert sendt på høyring.

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet - 01.06.2026

Eldrerådet støttar kommunedirektøren si tilråding.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

RAD- 016/26 Vedtak

Rådet støtter kravet om at 30 % av bueningane skal vere tilgjengeleg bustader. Dette handlar ikkje berre om demografiutviklinga, men også om at det er behov for tilgjengelege bustader for menneske i alle aldersgruppe.

Sjølv om rådet ser at gang- og sykkelvegen blir brattare enn krava til UU, ser dei også at den vil vere til fordel for mange grupper, også blant dei som rådet representerer.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

Saksbehandler deltok under behandling av saka

SAMF- 037/26 Vedtak

Samfunnsutvalet legg forslag til detaljregulering for Evebø ut til høyring og offentleg ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11. Før utlegging skal følgjande vere innarbeidd:

- 30 % av bueningane innanfor planområdet skal vere tilgjengelege bustadar. Grunngevinga er å sikre ei utbygging budd på den demografiske utviklinga i kommunen.

Samfunnsutvalet varslar samstundes at gjeldande reguleringsplan for del av gnr. bnr. 77/15 og 77/302 i Åsen (vedteken 28.01.1987) vil bli oppheva ved vedtak ny detaljreguleringsplan.

Administrasjonen får høve til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta før dei vert sendt på høyring.

Samrøstes vedteke

038/26: Kommunedelplan for naturmangfald - prosjektplan og mandat

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet godkjenner prosjektplanen for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald.

Mandat for framdrift og gjennomføring som skildra under kommunedirektøren si vurdering skal leggst til grunn ved utarbeiding av planprogrammet.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

Saksbehandler deltok under behandling av saka

SAMF- 038/26 Vedtak

Samfunnsutvalet godkjenner prosjektplanen for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald.

Mandat for framdrift og gjennomføring som skildra under kommunedirektøren si vurdering skal leggst til grunn ved utarbeiding av planprogrammet.

039/26: Dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen - utviding av bustadtomt

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet i Gloppen avslår søknad om dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanen sin arealdel pkt. 4.1.1 om tilleggsareal til gbnr. 15/30 ut over tomtestorleik på 1,2 dekar. Grunngeving for avslaget er at tilleggsarealet blir for inngripande i arealet som er avsett til bustadformål i kommuneplanen, og at pbl. §19-2 då ikkje gir heimel til dispensasjon.

Samfunnsutvalet i Gloppen gir dispensasjon frå kravet i føresegnene i kommuneplanen sin arealdel pkt. 3.1.1 om detaljreguleringsplan for nytt bustadområde på Sande, slik at det kan delast frå tilleggsareal til gbnr. 15/30 opp til arealgrensa på 1,2 dekar for bustadtomter. Grunngeving for dispensasjon er at eit såpass avgrensa tilleggsareal ikkje vil gjere eit framtidig planarbeid vanskelegare, og at tomteareal som kan bidra til sjølvforsyning og beredskap er ein fordel som klart overgår dei små ulempene.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

Forslag MDG, framlegg frå Tord Hafnor, Senterpartiet Uavhengig Miljøpartiet dei Grøne
Samfunnsutvalet i Gloppen avslår søknad om dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanen sin arealdel pkt. 4.1.1 om tilleggsareal til gbnr. 15/30 ut over tomtestorleik på 1,2 dekar. Grunngeving for avslaget er at tilleggsarealet blir for inngripande i arealet som er avsett til bustadformål i kommuneplanen, og at pbl. §19-2 då ikkje gir heimel til dispensasjon.

Saksbehandlar deltok under behandling av saka

Kommunedirektørens tilråding vart sett opp mot framlegg frå Tord Hafnor (Mdg).

SAMF- 039/26 Vedtak

Samfunnsutvalet i Gloppen avslår søknad om dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanen sin arealdel pkt. 4.1.1 om tilleggsareal til gbnr. 15/30 ut over tomtestorleik på 1,2 dekar. Grunngeving for avslaget er at tilleggsarealet blir for inngripande i arealet som er avsett til bustadformål i kommuneplanen, og at pbl. §19-2 då ikkje gir heimel til dispensasjon.

Samfunnsutvalet i Gloppen gir dispensasjon frå kravet i føresegnene i kommuneplanen sin arealdel pkt. 3.1.1 om detaljreguleringsplan for nytt bustadområde på Sande, slik at det kan delast frå tilleggsareal til gbnr. 15/30 opp til arealgrensa på 1,2 dekar for bustadtomter. Grunngeving for dispensasjon er at eit såpass avgrensa tilleggsareal ikkje vil gjere eit framtidig planarbeid vanskelegare, og at tomteareal som kan bidra til sjølvforsyning og beredskap er ein fordel som klart overgår dei små ulempene.

Vedteke mot Tord Hafnor (Mdg) si røyst

040/26: Utviding av terrasse - dispensasjon frå byggegrense mot sjø

Kommunedirektøren si tilråding

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) §19-2 gir Gloppen kommune dispensasjon frå byggegrense mot sjø ved gbnr. 58/32, slik at eigar kan avslutte utvida terrasse med ein utkraga del ut over sjøen. Vedtaket er grunngjeve med at dispensasjonen ikkje set formålet med byggegrensa vesentleg til side, og at fordelane med oppgradering og vidareutvikling av bustadtomta er større enn ulempene.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

SAMF- 040/26 Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) §19-2 gir Gloppen kommune dispensasjon frå byggegrense mot sjø ved gbnr. 58/32, slik at eigar kan avslutte utvida terrasse med ein utkraga del ut over sjøen. Vedtaket er grunngjeve med at dispensasjonen ikkje set formålet med byggegrensa vesentleg til side, og at fordelane med oppgradering og vidareutvikling av bustadtomta er større enn ulempene.

Sarøystes vedteke

041/26: Årsmelding og rekneskap for 2025

Kommunedirektøren si tilråding

1. Den framlagde rekneskapen for 2025 for Gloppen kommune med vedlagt drifts-, investerings- og balanserekneskap, og med følgjande nøkkeltal, blir fastsett som Gloppen kommune sin rekneskap for 2025:

Nøkkeltal – årsrekneskapen 2025:	Kr (i 1000 kr)
Driftsinntekter	-796 653
Driftsutgifter (inkl. avskrivingar)	786 820
Netto finansutgifter	45 631
Motpost avskrivingar	-33 931
Netto driftsresultat	1 866
Avsetningar til bundne driftsfond	5 327
Bruk av bundne driftsfond	-5 238
Netto bruk/avsetning bundne driftsfond	89
Korrigert netto driftsresultat	1 955
Bruk av disposisjonsfondet	-1 955
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0

2. Kommunestyret godkjenner årsmeldinga frå Gloppen kommune for 2025.

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet - 01.06.2026

Eldrerådet støttar kommunedirektøren si tilråding.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

Behandling

Felles orientering med eldrerådet, ved Benedicte Moritsgård, økonomisjef.

RAD- 020/26 Vedtak

Rådet meiner dette vart presentert godt på rammekonferansen. Rådet opplever at rammekonferansen er eit godt og nyttig tiltak, og håper kommunen held fram med å invitere alle råd og utval til dette framover.

Samfunnsutvalet 03.06.2026:

Behandling

SAMF- 041/26 Vedtak

Samfunnsutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding.

Samrøystes vedteke